



Invitasjon til innføring i Lov om sosiale tenester i NAV med fordjuping i

KVALIFISERINGSPROGRAMMET (KVP)

Arrangør: Fylkesmannen i Møre & Romsdal i nært samarbeid med NAV Møre & Romsdal

Målgruppe: Nyleg tilsette i NAV-kontor eller dei som ikkje deltok på KVP opplæring i 2013. For tilsette som har KVP som har arbeidsoppgåve heilt, delvis eller skal begynne å arbeide med dette.

Tid og stad: Tysdag 11. november Quality hotel Alexandra i Molde frå kl 09.00 – 15.00.

Mål med fagdagen og foreløpig program: Innføring i KVP og tilhøyrande regelverk med tema:

- Behov- og arbeidsevnevurdering - Oppfølgingsstandarden
- Juridisk metode med «KVP briller»
- Identifisering og rettighet
- Individuelle arbeidsretta program.
- Saksbehandlinga

Vi ønskjer å ha ei praktisk tilnærming med veksling mellom presentasjon, dialog og gruppearbeid. Programmet er under utarbeiding og blir sendt ut når dette er klart.

Fagdagen byggjer vidare på ei generell innføring i Sosialtenestelova bla anna den vi hadde i 2013 og som vi også skal 4 og 5.november i år (sjå eigen invitasjon).

Eigen førebuing; For at alle som deltek skal ha størst mulig utbytte av dagen, oppmodar vi til at de på førehand ser på temaet på Navet «Standard for arbeidsretta brukaroppfølging og sosiale tenester» og i Rundskriv Hovednr. 35 Lov om sosiale tenester i NAV.

Vi avgrensar til 50 deltakarar. Dersom det er stor påmelding vil vi prioritere og fordele deltaking slik at alle NAV kontor som ønskjer det får delta.

Finansiering: Gratis for målgruppa. Reisekostnader dekkast av arbeidsgivar. Deltakarar med reiseveg over 1,5 time kan få dekt overnatting frå 10. november

Bindande elektronisk påmelding innan 10. oktober 2014 på: www.fylkesmannen.no Vel Møre og Romsdal, nedst på sida finn du «kurs og konferansekalender» trykk på den. På høgresida vil kurset ligge under «Komande» eller «Helse- og omsorg». Der finn dykk lenke til påmeldingsskjemaet i høgremargen.

Alternativt direkte link til kurs og konferansekalenderen vår:

<http://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Kurs-og-konferansekalender/>

Spørsmål om påmelding kan rettast til e-post: fmmrkurs@fylkesmannen.no eventuelt ta kontakt på telefon 71258067/8505.

For nærare informasjon om innhaldet i fagdagen kan du ta kontakt med:

Oddhild Johnsen fmmrodjo@fylkesmannen.no

Kari Røkkum Winje fmmrkawi@fylkesmannen.no

Eilin Reinaas fmmreire@fylkesmannen.no

Kjell Ove Røe Kjell.ove.roe@nav.no